



## **Vil du bidra til å skape gode dagar for barn og unge ved Hildre Montessoriskule?**

### **Vi søker dyktige og entusiastiske fagarbeidarar/assistentar. Er det deg?**

Frå og med 01.08.24 blir det ved Hildre Montessoriskule ledig 2x70% vikariatstilling som fagarbeidar/assistent.

Hildre Montessoriskule er ein privatskule med mange lærelystne barn og motiverte og trivelege tilsette. Vi arbeider for å utvikle læring gjennom montessoripedagogikken og treng difor kompetente, engasjerte og nytenkjande medarbeidarar som er stolte av faget sitt og som kvar dag brenn for å legge til rette og å bringe fram det beste i kvart enkelt barn.

#### **Om stillinga**

- 1x70% stilling som fagarbeidar/assistent med oppstart 01.08.24 med varigheit ut skuleåret 2024/25 med høve for forlenging
- 1x70% stilling som fagarbeidar/assistent med oppstart 01.08.24 med varigheit til 31.12.24 med høve for forlenging

#### **Arbeidsoppgåver:**

- Bidra i daglege aktivitetar og vere ein støttespelar for både elevar og lærarar i skulekvardagen
- Bidra til eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø
- Bidra til ein aktiv og positiv SFO
- Delta på turar, utflukter og arrangement
- Bidra til eit godt samarbeid med føresette, som skapar tryggleik og tillit
- Tett samarbeid med kollegaer



### **Dine faglege kvalifikasjonar:**

- Fortrinnsvis fagbeidar i barne- og ungdomsarbeiderfag
- Dyktig i norsk språk, både munnleg og skriftleg. Anna morsmål kan også telje positivt.
- Ønskeleg med erfaring med barn med ulike utfordringar

### **Dine personlege eigenskapar:**

- Du er initiativrik, strukturert og sjølvstendig
- Du har god formidlingsevne
- Du er ein tydeleg vaksenperson og god rollemodell for elevane
- Du handterer endringar og utfordrande situasjonar
- Du bygger gode relasjon med barn og mellom barn
- Du arbeider godt saman med andre
- Du er fleksibel i forhold til arbeidsoppgåver
- Du bidreg til å skape eit godt arbeidsmiljø for barna og for vaksne
- Du trivast med både innandørs- og utandørsaktivitetar
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt

### **Vi tilbyr**

- Lønn etter gjeldande tariff
- Arbeidstidsordning etter sentralt avtaleverk
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Utfordrande og spennande oppgåver
- Geografisk område i vekst
- Høve for varig tilsetjing ved behov
- Eit skulemiljø med engasjerte kollegaer, føresette og skuleeigarar
- God oppfølging av konseptansvarleg og rektor

Det krevjast godkjend politiattest for arbeid i skulen.

For meir informasjon, sjå heimesida [www.hildreskule.no](http://www.hildreskule.no), for spørsmål og søknad ta kontakt med:

Steffen André Kråkenes (dagleg leiar/rektor) på 91 19 13 34 og e-post: [steffen.krakenes@hildreskule.no](mailto:steffen.krakenes@hildreskule.no)

Søknadsfrist: 05.05.24